



Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon
Svein Komerud, 5557 2027

Vår dato
28.06.2016
Dykkar dato

Vår referanse
2014/6322 421.3
Dykkar referanse

Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo

Kommunedelplan E 39 Heiane - Ådland/Nordre Tveita, Stord kommune - oversending av motsegn frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland

Vi sender med dette til departementet sak om motsegn frå Statens vegvesen region vest og Fylkesmannen i Hordaland til kommunedelplan i Stord kommune for ny E 39 parsell Heiane – Ådland/Nordre Tveita.

Vi sender dei andre dokumenta knytte til e-postar elektronisk til departementet. Dei blir sende i fleire omgangar. Vi ber departementet om å samle dokumenta på saka. Vi vil be Stord kommune om å sende arealdelen til kommuneplanen og dei aktuelle kommunedelplanane for E 39 i papirutgåver direkte til departementet.

Kommunedelplanen er ein del av plangrunnlaget for E 39 på Vestlandet, som i hovudsak er statleg plan. Parsellen forbi Leirvik, parsellen Heiane – Ådland/Nordre Tveita, er kommunedelplan i Stord kommune. Planforslaget er utarbeidd med fire alternativ. Alternativ 1 er ei utviding av eksisterande veg. Dei tre andre er nye trasear, alternativ 2, 4 og 5. Alternativ 2 ligg nærmast til eksisterande veg og ikkje så langt inn i natur- og friluftsområda som dei to andre. Alternativ 4 og 5 følgjer same trase lengre inn i natur- og friluftsområda enn alternativ 2. Ulikskapen mellom alternativ 4 og 5 er at alternativ 4 har ein kort tunnel, medan alternativ 5 har lang tunnel. For trasevala viser vi til planteikningsmaterialet.

Kommunen har justert alternativa noko på grunn av motsegna. Vi viser til brev av 05.04.2016 frå Stord kommune og vedlegg til brevet, m.a. planteikningar som viser linevala.

Stord kommune har ikkje gjort greie for plan eller planprosessen i brev ved oversending av saka til oss, men utover det vi skriv her viser vi til innleiinga i Stord kommune si saksframstilling til innstillinga til planvedtak, side 6 – 7 i vedlegg til brev av 29.04.2016 frå kommunen. Nedanfor viser vi kva kommunen har vedtatt og kva for motsegn som ligg føre.

Stord kommune- alternativ 5

Stord kommune har vedtatt alternativ 5, sjå brev av 29.04.2016 frå kommunen og vedlegg til brevet, m.a. utskrift av vedtak av 28.04.2016:

«Med heimel i Plan- og bygningslova § 11-15 vedtek kommunestyret kommunedelplan med konsekvensutgreiing for E39 Heiane – Ådland/ Nordre Tveita, alternativ 5, vist på plankart datert 01.04.2016 og føresegner datert 01.04.2016.»

Statens vegvesen har motsegn til alternativ 1 og 5

Statens vegvesen har motsegn til alternativ 5, da det har for høg kostnad på grunn av lang tunnel i forhold til alternativ 4. Alternativ 5 kjem best ut for ikkje-prissette konsekvensar. Vegvesenet har vurdert alternativa mot einannan. Det meiner at alternativ 4 gir ei såpass god løysing i forhold til alternativ 5 at skilnaden i kostnader må få verknader for valet av alternativa. Vegvesenet viser til ein skilnad i kostnader på utbygging inklusiv framtidig drifts- og vedlikehaldskostnader på om lag kr 536 millionar. Vi viser til brev av 14.01.2016 frå Statens vegvesen.

For ordens skuld viser vi også til at Statens vegvesen også har motsegn mot alternativ 1, m.a. på grunn av at det ikkje har ein standard som samsvarar med overordna føresetnader. Alternativet legg til grunn fartsgrense på 80 km/t i staden for 110 km/t som skal vere standarden på vegen. Vidare seier vegvesenet at alternativet kjem så dårleg ut i konsekvensutgreiinga at det ikkje er forhold som talar for å gå ned på vegstandard.

Fylkesmannen i Hordaland har motsegn til alternativ 2, 4 og 5

I sør, sør-vest, går trasevalet for alternativ 2, 4 og 5 i ein grønkorridor mellom industriområdet på Heiane og eit bustadområde like nord for dette, sjå planteikningane og planomtalen side 29, figur 13. Det ei ein trekkorridor for hjort og vilt. Fylkesmannen har motsegn mot at vegen kjem i konflikt med denne trekkorridoren.

Trasealternativa kjem også i strid med lokalitetar for fattig boreonemoral regnskog med dei ansvarsartane for Noreg som er der. Det gjeld både alternativ 2, 4 og 5, og særleg alternativ 4 og 5. Vi viser til gjennomgangen vår av det i brev av 15.02.2015 side 3 og 4. Føringa av vegen vidare mot sør – sørvest vil ha ytterlegare verknad for område med fattig boreonemoral regnskog.

For motsegna frå Fylkesmannen, sjå oppsummeringa på side 6 og konklusjonen på side 7 i vårt brev av 15.02.2015. Motsegna består.

Fylkesmannen har også hatt motsegn til verknaden av vegen for Ådlandsvassdraget og Ådlandsvatnet og fisk og friluftsliv her. Det er løyst ved at forholda skal avklårast nærare i reguleringsplan for vegen her, sjå føresegnene pkt. 5.2 og 5.4.

Dialog og mekling

Staten gav ein samordna uttale med motsegn i brev av 15.02.2016 frå Fylkesmannen i Hordaland. Han inneheld motsegna både frå Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland. Fylkesmannen har ikkje funne grunn til å avskjere motsegna frå Statens vegvesen.

Det har vore dialogmøte den 15.03.2016 mellom Stord kommune, Statens vegvesen og Fylkesmannen i Hordaland. Det er ikkje referat frå møtet. Ein kom ikkje til semje om dei motsegnspunkta som det er vist til ovanfor. Etter dialogmøtet er planforslaget justert noko, sjå brev av 05.04.2016 frå Stord kommune. Elles er motsegnene uendra.

Stord kommune seier i brev av 29.04.2016 om mekling:

«Når det gjeld motsegna frå vegvesenet mot alternativ 5, så vart det på dialogmøtet 15. mars og i seinare oppfølgingsmøte mellom kommunen og vegvesenet same dagen konkludert med at mekling ikkje ville føra til noko anna resultat. Det har difor ikkje vore gjennomført mekling i høve vegvesenet si motsegn.»

Vi har over telefonen bedt Statens vegvesen om å stadfeste skriftleg at heller ikkje vegvesenet ser trong for mekling i saka. Det er stadfesta i epost av 02.06.2016 frå prosjektleiar i vegvesenet, som skriv at ein ser alternativa for å vere av «anten/eller-karakter» og at det derfor ikkje er trong for mekling.

For mekling mellom Stord kommune og Fylkesmannen i Hordaland skriv kommunen i brev av 29.04.2016 at:

«Endeleg avklaring i høve Fylkesmannen si motsegn legg me til grunn vert ein del av dei vurderingane som vert gjort før Fylkesmannen sender saka vidare til departementet.»

Stord kommune ser ikkje trong for mekling om motsegna frå Fylkesmannen. Vi kan vanskeleg sjå at mekling har noko for seg når kommunen ikkje ønskjer mekling for nokon av dei statlege motsegnene. Vi legg fram vurderingane våre nedanfor. Kommunen kan eventuelt gi melding i den vidare prosessen om han kan medverke til løysing av motsegna frå Fylkesmannen.

Fylkesmannen sine vurderingar av motsegnene

Vurderinga vår av motsegnene vil også vere ei vurdering av kva som heilskapleg vil vere ei god eller akseptabel traseløysing. Vi kan vanskeleg sjå at alternativ 1 er eit mogleg val, då det ikkje er i samsvar med dei overordna føresetnadene og kjem også dårleg ut av konsekvensvurderingane. Kommunen er negativ til dette alternativet og vegvesenet har motsegn til det.

Kommunen har vedtatt alternativ 5 som etter utgreiingane synest å vere det alternativet som tar best vare på dei ikkje - prissette tema. Det er tema som det ligg til Fylkesmannen å sjå til blir tatt omsyn til. Alternativ 5 er det mest kostbare alternativet. Vegvesenet har motsegn til det pga. meirkostnadene. Kommunen har argumentert mot dette i saksframstillinga si, sjå Stord kommune si saksframstilling og administrativ innstilling til planvedtak, vedlegg til brev av 29.04.2016 frå kommunen, under «vurdering» midt på side 17 samt dei to nest siste avsnitta på side 18. Kommunen viser her til avgjerd i departementet av kommunedelplan for E 39 forbi Kristiansand, der det blei akseptert meirkostnader til tunnel av omsyn til natur- og nærmiljø. Stord kommune viser til at situasjonen er lik i denne saka. Fylkesmannen støttar kommunen i argumentasjonen, men vi ser det som vesentleg korleis ein vil ta vare på dei områda som ikkje blir bygde ned av vegen. Ein må reelt ta vare på desse natur- og friluftsområda, også på sikt og ved utbygging av Leirvik sentrum. Vi viser til merknadane våre nedanfor.

Stord kommune har også kritiske merknader til vurderinga av alternativ 4 og 5 i rapporten om dei ikkje - prissette temaene- Vi viser til kommunen si saksframstilling som vist til ovanfor, siste halvdel av side 17 til midt på side 18. Fylkesmannen legg også her vesentleg vekt på korleis natur- og kulturareala vil bli tatt vare på etter vegbygginga, sjå nedanfor.

Fylkesmannen har motsegn til alternativ 2, 4 og 5 pga veglina i hjort- og vilttrekket mellom industriområdet og bustadområdet på Heiane. Vi gjer merksam på at Fylkesmannen også hadde motsegn til siste revisjon av arealdelen til kommuneplan knytt til hjortekorridoren og utbygging av næringsområdet på Heiane. Det er ein vilt- og hjortekorridor som har vore tatt vare på gjennom planlegging i lengre tid. Det er viktig å halde på areala som samanhengande viltområde. Vi kan ikkje sjå at veglina blir trekt tilstrekkeleg inn mot industriområdet til at det

er akseptabelt. Vegen må frigjere meir grøntareal. Føresegnene er for vage og upresise. Dei har ikkje konkrete haldepunkt som vil kunne handhevast i ein vidare planprosess.

Vilt- og hjortetrekke ved Heiane må også sjåast i samanheng med det parallelle grøntarealet mellom bustadområda like nord for det grøntarealet der vegalternativa går. Her er i dag eit grøntareal som kan ha same funksjonen som vilt- og hjortetrekke, sjå figur 13 på side 29 i planomtalen. Med det store vegkrysset tett inntil grøntkorridoren og i hjortetrekke, er det enda viktigare å halde opne andre moglege vilt- og hjortetrasear. Men her kan delar av arealet bli bygd att og miste funksjonen som gjennomgåande vilt- og hjortetrekke. I arealdelen til kommuneplanen ligg det ubygde arealet, Krokaneset, sett av til bustader vest i Valvatnefeltet og fram til vatnet, Kroatjørna. Vi viser til planomtalen side 30 figur 14 der det aktuelle området er merka med gult. Utbygging her vil bygge att denne grøntkorridoren. Det er viktig å halde korridoren open i tillegg til å legge vegtraseen inn i industriareala. Med vegen igjennom det eine av desse grøntareala, er det desto meir viktig å ikkje bygge ned meir. Det vil ha verknad for vilt og hjortetrekke i området om Stord kommune forpliktar seg til å innskrenke areal for bustad på Kokaneset. Vi ber kommunen om å vurdere det.

Fylkesmannen har motsegn pga verknadene for fattig boreonemoral regnskog i området. Regnskogstypen er under utgreiing for utvald naturtype etter naturmangfaldlova kapittel VI. Det er regnskog av nasjonal og internasjonal verdi med arter som Noreg har eit særskild ansvar for. Vi viser til planomtalen på side 30 – 31. Det er særleg alternativ 4 og 5 som råkar mest regnskog. Alternativ 2 unngår nokre av felta, sjå brevet vårt av 15.02.2016 nedst på side 3. Vi viser også til rapport om ikkje - prissette tema, naturmiljø side 28 flg, sjå figur 12 på s. 29, fig. 14 på s. 31, fig. 15 og 16 på s. 32 – 33. Det synest som om ein del boreonemoral regnskog vil bli råka av vegframføringa. Vegen vil i alle tilfelle få negative verknader for regnskogen. Vi kan ikkje sjå trasevala i samanheng med tilstøytande parsellar vidare mot sør. Vi veit derfor ikkje kor mykje regnskog som vi bli råka der. Det er derfor enda viktigare å velje det alternativet som opprettheld mest regnskog og sørgje for at dei totale verknadene blir minst moglege. Også her er føresegnene pkt. 5.3 for vage og upresise. Det vil vere val av vegalternativ som er mest viktig.

Dersom kommunen eller departementet følgjer innstillinga vår om løysningar for vilt- og hjortetrakke ved Heiane, vil Fylkesmannen trekke motsegna om det. Då er det alternativ 2 som synest å ha minst negativ verknad for regnskogen som motsegna vår elles er knytt til.

Alternativ 2 kjem dårligast ut i rapporten om ikkje-prissette tema for de ulike alternativa. Om ein finn ei løysing for vilt- og hjortetrakke, som gjeld alternativ 2, 4 og 5, kan vi ikkje sjå at alternativ 2 her er dårligast for dei fagområda som ligg under Fylkesmannen. Det er grunn til å sjå nærare på vurderingane i rapporten.

Dei ikkje - prissette tema som er vurderte er landskapsbilete, nærmiljø og friluftsliv, naturmiljø, kulturmiljø og naturressursar. Utgangspunktet for vurderingane er at områda blir liggande slik dei er i dag utanom sjølve vegframføringa. Stord kommune argumenterer i utgangspunktet for områda som natur og friluftslivsområde. Fylkesmannen støtter det. Området har stor verdi som nær bymark, natur-, kultur- og friluftsområde med verknad for folkehelsa.

Det er likevel ein klår føresetnad at naturområda blir tatt vare på som natur- og friluftsområde. Fylkesmannen har merka seg at det no går fram av Stord kommune sin saksframstilling og administrativ innstilling til planvedtak, vedlegg til brev av 29.04.2016 frå kommunen, at

kommunen ser naturområda som eit framtidig utbyggingsområde for Leirvik. Områda er vurderte som naturområder m.m., men kommunen talar om framtidig byutvikling og utbygging. Når vi ser områda som byutviklingsområde, slik kommunen klårt legg vekt på, blir grunnlaget for å vurdere dei ikkje - prissette tema eit heilt anna enn det rapporten bygger på. Då vil det vegalternativet som ligg nærmast nåverande E 39 halde på mest natur- og kulturområde, ta best vare på naturen for nærmiljøet og friluftslivet og vere ein buffer for utbygging og inngrep lengre inn i landskapet, altså mest halde på landskapsbilete. Ønskje frå kommunen om ein gong å kunne nytte nåverande naturområder til byutvikling endrar grunnlaget for vurderingane og også kva for alternativ som kjem best ut.

Vi kan ikkje sjå bort frå ei utvikling der areala mellom eksisterande E 39 og ny, framtidig E 39 blir utbygd. E 39 har til dels vore ei grense for utbygging. Byggepress kan føre til at ny E 39 blir ny grense for utbygging og byutviklinga for Leirvik. Det fører også til ei endring av føresetnadene for utgreiingane for planen. Det flytter også fokus frå kva vegen har å seie som ei line i naturområdet til den verknad vegen har som grense for utbygging. Sjølv om det ikkje ligg inne i kommunedelplanen no, er det ei framtidig utvikling som ikkje er usannsynleg og som Stord kommune allereie seier klårt ifrå om.

Stord kommune er klår på at alternativ 5 er eit godt val for kommunen fordi alternativet har lang tunnel som ikkje stenger mogleiken for byutvikling inn i det området som i dag er omtala som bymarka til kommunen. Kommunen avviser alle dei andre alternativa då dei vil vere eit hinder for byutvikling inn i dette natur- og nære friluftsområdet. Fylkesmannen presiserer at vi er samde med kommunen i at han må vektlegge byutvikling med tett utbygging i sentrum. Det er i samsvar med statlege retningsliner for bustad-, areal- og transportplanlegging. Men når kommunen legg vekt på det, vil Fylkesmannen peike på at vi meiner at kommunen har eit ikkje ubetydeleg rom for å bygge vidare ut med fortetting og byutvikling i eksisterande sentrum av Leirvik samt andre stader der ein kan bygge vidare der det er bygd. Fortetting vil her seie å bygge annleis og tettare i sentrum. Det er også i samsvar med kommuneplanen til Stord. Ved ytterligare og tettare sentrums- og byutvikling vil trongen for nær bymark som natur- og friluftsområder vere enda større. Derfor talar argumentet om fortetting og byutvikling heller for at E 39 kan vere ei barriere for utbygging inn i natur- og friluftsområdet enn for at det skal opnast for å bygge ut dei nære naturområda.

Fylkesmannen i Hordaland kan ikkje sjå anna enn at Stord kommune bør fortette Leirvik sentrum og bygge ut områda på sør og østsida av E 39 knytt opp til sentrum i lang større utstrekning, i staden for å opne for nye områder. Mogleg utbygging inn i bymarka kan lett bli byspreiing. Vi peiker også på at det er som ei bymark med sine natur- og friluftsområder intakte at alternativ 5 kan samanliknast med departementets avgjerd om E 39 ved Kristiansand, der ein valde å ta ein meirkostnad for å ta vare på bymarka.

Sett i høve til det ovannemnde er alternativ 2 eit alternativ som tar vare på alle dei ikkje –prissette temaene som natur og friluftsliv m.m. Dersom ein kan finne løysing på vilt- og hjortetrekking ved Heiane, er det ikkje lenger motsegn mot alternativ 2. Hordaland fylkeskommune har ikkje motsegn mot nokre av alternativa. Alternativ 1 er avvist av både kommunen og vegvesenet. Alternativ 5 har vegvesenet motsegn til pga meirkostnadene. Alternativ 4 tar meir regnskog og har motsegn frå Fylkesmannen. Alternativ 2 er om lag i same kostnadsnivå som alternativ 4 som Statens vegvesen er positiv til, og gir om lag same nytteverdi, sjå planomtalen side 25, figur 2 og 3.

Fylkesmannen si tilråding

Ein må finne løysning for vilt- og hjortekorridoren slik Fylkesmannen har skissert ovanfor. Alternativ 2 råkar minst av fattig boreonemoral regnskog med artsmangfaldet der, samt at det kan sette ei framtid grense for utbygging og byspreiing inn i natur- og friluftsområda. Alternativ 2 synest best å kunne ta vare på natur-, kultur- og friluftsområda for framtida.

Med helsing

Rune Fjeld
ass. fylkesmann

Svein Kornerud
fagdirektør

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Kopi til:

Statens Vegvesen - Region Vest	Askedalen 4	6863	Leikanger
Stord kommune	Postboks 304	5402	Stord
Hordaland fylkeskommune	Postboks 7900	5020	Bergen